



DET KONGELEGE KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/4033-

28. april 2023

Invitasjon til å gje innspel til profesjonsmeldinga

Våren 2022 vedtok regjeringa å leggje fram ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane. Hovudvekta skal vere på dei rammeplanstyrte lærar-, ingeniør, helse- og sosialfagutdanningane. Meldinga, som førebels går under namnet *profesjonsmeldinga*, skal innehalde tiltak som bidreg til at samfunnet har god tilgang på kompetent arbeidskraft, at profesjonsutdanningane gir rett kompetanse og at vi har utdanningar som rekrutterer frå heile befolkninga. Regjeringa tek sikte på at meldinga skal leggjast fram våren 2024. De kan lese meir om arbeidet med profesjonsmeldinga [her](#).

No ber Kunnskapsdepartementet alle interesserte og aktuelle partar om innspel til arbeidet. For å systematisere innspela har vi har laga ei kort skildring av nokre utfordringar ved dagens profesjonsutdanningar, kategorisert under temaa *kvalitet*, *kapasitet* og *mangfald*. De finn utfordringar og spørsmål i vedlegget. I tillegg har vi lista opp nokre spørsmål. De vel sjølve kva og kor mange av desse de ønskjer å svare på. Ikkje alle spørsmåla vil vere relevante for alle aktørar. De kan også gi innspel om andre saker som er relevante for profesjonsutdanningane.

Vi ber om at innspel blir sende inn på nettsida til meldinga [Innspel til profesjonsmeldinga](#) **innan 15. juni 2023**, men gjerne så fort som mogleg. Innspela bør vere kortfatta og ha konkrete problemskildringar og/eller løysingsforslag. Vi gjer merksam på at alle innspel blir lagt ut på nettsida.

Med helsing

Audun Digerud (e.f.)
avdelingsdirektør

Karin Hårstad Fonn
prosjektleder

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Avdeling for høyere
utdanning, forskning
og internasjonalt
arbeid

Saksbehandlar
Karin Hårstad Fonn
22 24 75 86